

gavlen

2020 - 40. årgang

Sunnmøre Museum
Sunnmøre Museumslag



Musea på Sunnmøre

Gavlen 2020
ISSN 033-2668
40. årgang.

Redaksjon:
Ingvil Grimstad,
Ivar G. Braaten,
Eldar Høidal,
Kaspar Bjørkavåg
Utgjevar:

Sunnmøre Museumslag

Grafisk arbeid og trykk: Brisk reklame

INNHALD

Sunnmøre Museumslag:	
Innkalling til årsmøte	.s 3
<i>Jarle Sanden:</i>	
Helsing frå direktøren	.s 4
Årsmelding 2019	.s 5
<i>Knut Sterud:</i>	
Svært vellykket årsmøte	.s 7
<i>Thea Marie Ytterdal:</i>	
Raudan gull 4	.s 10
<i>Jens Hammerås:</i>	
På skrå	.s 12

<i>Ivar G. Braaten:</i>	
Metervis med vinyl	.s 14
<i>Bergljot Hjorthol:</i>	
Før Friedland flytta inn	.s 15
<i>Frode Pilskog:</i>	
300 år med losteneste	.s 16
<i>Ingvil E. Grimstad:</i>	
Dei gode hjelparane	.s 18
<i>Heidi Haugene:</i>	
Kick off for forskning av Borgundkaupangen	.s 21
<i>Ingvill Naalsund:</i>	
Vandrestillinga «Bææærekraft	.s 23
<i>Frode Pilskog:</i>	
Besøksfyr	.s 24
<i>Ivar G. Braaten:</i>	
Ålesund - ei messe verdt	.s 25
<i>Jan Kåre Blindheim:</i>	
Biskop Tore i Borgund, ei kriminalgåte	.s 30
<i>Eldar Høidal:</i>	
Møbeldesignaren Ingmar Relling (1920-2001)	.s 32
<i>Jarle Sulebust:</i>	
Peder Fylling og Fyllingmuseet	.s 35

Foto: Stiftinga Sunnmøre Museum der anna ikkje er nemnt.



300 år med losteneste

Av Frode Pilskog

Den 29. april 1720 signerte kong Fredrik IV den første norske forordninga om lostenesta. Lostenesta har vore i kontinuerleg drift sidan, og er i dag ein del av Kystverket. I 1720 vart ansvaret for lostenesta overlatt til initiativtakar, Gabriel Christensen som overlos for det Søndenfjeldske distrikt og Jan Wessel, bror til Tordenskjold, som overlos for det nordenfjeldske. Under seg hadde dei losoldermenn med ansvar for losane i sine losoldermannskap. I dag har vi omlag 290 losar fordelt på 18 losstasjonar. Ansvarleg for lostenesta er losdirektør Erik Freberg Blom som held til i Ålesund.

Kystverket markerer 300 års losteneste i samarbeid med etatismuseet sitt, Kystverkmusea.

Markeringa skjer gjennom forskning, museumsutstillingar og arrangement. Markeringa har fått namnet Los 300.

Forskningsprosjektet Los 2020

I stortingsmeldinga «Framtidas museum» vart musea oppmoda til forskingssamarbeid mellom museum og universitet- og høgskulesektoren. Med dette utgangspunktet ønskte vi eit prosjekt der musea fekk styrka sin forskingskompetanse, medan høgskulesektoren fekk styrke sin faghistoriske kompetanse.

Vår ambisjon er å lage ei artikkelsamling der vi får fram ulike sider ved lostenesta.

Kystverkmusea ved Jærmuseet har prosjekt-



Logoen til 300 - årsmarkeringa.

ansvaret og Høgskulen i Volda er med i prosjektet. I tillegg deltek Bergen sjøfartsmuseum og Stavanger maritime museum. Prosjektet vert finansiert med støtte frå Kulturrådet.

Arbeidet vert arrangert gjennom skriveseminar der tilsette i musea og høgskulen samarbeider. Vi vonar at resultatata ligg føre i slutten av året.

Utstillingar

Vi arbeider med tre formidlingsprosjekt. Det eine er utstillingar som vert sett opp hjå dei ulike avdelingane i Finnmark, Lofoten, Sunnmøre, Jæren og

Lindesnes. Musea på Sunnmøre har dessutan to utstillingar som fortel om loshistoria. «Vel i havn» finn du på Fiskerimuseet i Ålesund, medan losutstillinga på Godøy kystmuseum vart opna i 2019. Begge stadane er vel verdt ei vitjing.

Den andre utstillinga vert sett opp om bord i

Losbåt på veg ut frå Ålesund losstasjon. Foto: Frode Pilskog



Loshytta på Runde. Foto: Frode Pilskog

museumsskipet «Gamle Oksøy». Her vil du få vite meir om lostenesta, samstundes som utstillinga om sjøve fyrvesenskipet «Oksøy» er tilgjengeleg. Kom gjerne om bord når skipet er innom Sunnmøre.

Vi lagar også ein liten «loskoffert» med informasjonsmateriell og aktivitetsutstyr. Kofferten skal kunne nyttast på ulike stadar rundt om i landet.

Arrangement

Museumsskipet «Gamle Oksøy» vil gjennomføre eit formidlingstokt langs heile norskekysten. Meir enn 50 hamner frå Fredrikstad til Vardø skal vitjast. Store og små arrangement skal gjennomførast i samarbeid med lokale kystlag og andre frivillige organisasjonar.

I Møre og Romsdal vitjar vi Fosnavåg, Ålesund og Volda.

17. juni kjem Gamle Oksøy til Fosnavåg, Herøy

kystlag og Herøy kommune arrangerer både foredrag, film og omvising. Her får du vite meir om losane som heldt til på stadar som Runde, Kvalsvik og Skorpa. Det vert mogleg å sjå den lokale losbåten «Feie» frå 1960. I Goksøyra på Runde vil Knut Asle Goksøyr ta oss med på ei omvising i loshytta.

18.juni står Ålesund for tur. Ta turen om bord. Du vil blant anna møte Kystverket si pensjonistforeining. Pensjonistforeininga vil fortelje mykje om losbåtar. Kanskje har du og kjennskap til fartøy som har delteke i lostenesta.

19.juni står Volda for tur. Her deltek Bjørkedal kystlag. I Volda er det mange som vil kjenne att «Gamle Oksøy». I tidsbolken 1962 til 1996, då Oksøy var i aktiv drift, kom

mange av mannskapet frå Volda, Folkestad og Dalsfjord.

Har du lyst til å følgje losjubileet, så sjekk webkamera og facebookside <https://www.facebook.com/lostjenesten300>.

Dersom du ikkje når arrangementa, så ta turen til Fiskerimuseet i Ålesund, Godøy kystmuseum eller Dalsfjord fyrmuseum for å oppleve meir.

Nettsider

www.los300.no

Loshytta på Runde:

<https://kystreise.no/detaljer/4379/Loshytte-paa-Runde/>

Sjekk facebook-sidene til Musea på Sunnmøre og Los 300 for å følgje med.

<https://www.facebook.com/regionmuseet/>

<https://www.facebook.com/lostjenesten300>



Losbåten er uunnverleg.
Foto: Frode Pilskog